

Fra: Eidsvik Jan Magne Fagerland
Sendt: 12.01.2021 09.21
Til: Eidsvik Jan Magne Fagerland
Emne: VS: Jonshøgdi (gbnr. 21/45) - utkast til tiltak

Fra: Joralf Rønning <joralf.ronning@bulldog-avensis.com>
Sendt: torsdag 17. september 2015 10:22
Til: Eidsvik Jan Magne <jan.eidsvik@vegvesen.no>
Emne: VS: Jonshøgdi (gbnr. 21/45) - utkast til tiltak

Fra: Joralf Rønning [<mailto:joralf.ronning@bulldog-avensis.com>]
Sendt: 17. september 2015 10:16
Til: joralf.ronning@bulldog-avensis.com
Emne: VS: Jonshøgdi (gbnr. 21/45) - utkast til tiltak

Fra: Kinden Kari Veseth [<mailto:kari.kinden@vegvesen.no>]
Sendt: 4. september 2015 10:38
Til: Joralf Rønning
Kopi: Kaale, Leiv Ingmar (leikaa@kvam.kommune.no); asfl@kvam.kommune.no
Emne: SV: Jonshøgdi (gbnr. 21/45) - utkast til tiltak

Hei igjen!

Viser til telefonsamtale og e- postutveksling.

Som sagt i telefonsamtale, skal Kvam herad i gang med reguleringsplan for fv. 7 mellom NAF – Eikedalen, og Ungdomsheimen – Tokagjelet, i samsvar med § 3a pkt d i føresegnene til kommunedelplanen for Kvamskogen. Statens vegvesen meiner at dykkar arbeid må ta omsyn til dette. I trafikkanalysen som vart utarbeid til kommunedelplanen, er det skissert at gang- og sykkelvegen skal liggja på sørsida av fv. 7, slik den også gjer i reguleringsplanen mellom NAF og Ungdomsheimen.

Når det gjeld bygging av voll, så skal det for eksempel byggjast kombinert støy- og flaumvoll ved Ungdomsheimen på Kvamskogen. Det er også gjort blant anna i Eikedalen, ved Eikedalen Hyttetun ca 600 meter frå Fossenbratte- tunellen mot Kvam:

Fy12_Fv007_hp18_H_n00332



Når eg ser på vegbilder frå fv. 7 på Jonshøgdi, så kan det sjå ut som det er lagt opp ein liten jordvoll på eksisterande parkeringsplass, kan det stemma? Eg har snakka med folk på drift- og vedlikehaldsseksjonen vår, dei meiner at ein slik jordvoll bør ha ei høgd på 1,5–2 meter. Det skal vera plass til snølagring mellom fv. 7 og jordvoll, og på p- plassen dykkar. Som sagt har Statens vegvesen av prinsipp sagt at på snøtunge plassar, som feks Kvamskogen, Hardangervidda og Myrkdalen, skal parkeringsplassar ligga 20 meter frå midtlinja på vegen. Har sett på skissa du sendte på e- post 10.07.15, og lurar på korleis det er tenkt at ein skal få tilkomst til p- plass 16–29? Dette kan ikkje skje direkte via fv. 7, og ved bygging av jordvoll mellom fv. 7 og p- plass vert det ikkje tilkomst verken frå den eine eller andre enden. Ber om at de skisserer eit forslag til korleis dette skal løysast, og sender det til Statens vegvesen.

Med helsing
Kari Veseth Kinden

Seksjon: Plan- og forvaltningsseksjon Voss og Hardanger
Postadresse: Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER
Kontoradresse: Flyplassvegen, VOSS
Telefon: +47 56520261 **Mobil:** +47 95739184 **e-post/Lync:** kari.kinden@vegvesen.no
www.vegvesen.no **e-post:** firmapost-vest@vegvesen.no

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

Fra: Joralf Rønning [<mailto:joralf.ronning@bulldog-avensis.com>]
Sendt: 10. juli 2015 10:44
Til: Kinden Kari Veseth <kari.kinden@vegvesen.no>
Emne: VS: Jonshøgdi (gbnr. 21/45) - utkast til tiltak

Hei

Viser til telefonsamtale i dag, og sender som avtalt ei skisse som viser tiltaket som me ønskjer gjennomført på Kvamskogen.

Eg har vore i kontakt med Asbjørn Flatebø i Kvam Herad, som har opplyst at han ser positivt på tiltaket, men han ønskjer at Staten vegvesen skal uttale seg om avstand frå parking til riksvegen.

Håper du har tid til å sjå på dette, etter sommarferien.

For Jonshøgdi AS

Joralf Rønning
90163570